

Dei gløynte eldre.

Å bli hugsa på når økonomien er vanskeleg, tankar kring dei eldre i Hareid Kommune.

I ei lita kommune som Hareid har eg siste tida kjend meg splitta. Eg er mor på Hjørungavåg Skule med 2 barn i skulen, i 2. og 6.klasse, og sitt som foreldrerepresentant for 2.-klassingen i FAU. Samtidig er eg ein av to einingsleiarar på Hareid Sjukeheim med ansvar for bu- og korttids avdelinga.

Eg deltok på møte i FAU etter at Kommunedirektør la fram sitt budsjett med forslag om kutt av ein krins-skule, på møtet var det engasjement og stå-på-vilje med påfølgande innlegg både på nett og i Vikebladet. Foreldre som engasjerer seg og berre ønskjer det beste for sine barn. Dette er ein fin ting. Eg skal ikkje utale meg i skuledebatten, til det er der nok av foreldre som allereie har tatt ordet, men for meg som einingsleiar i velferd vart dette ei bekrefting på noko eg har sakna i bygda vår: eit engasjement også for dei eldre og sjuke. Etter foreldra sitt engasjement kom formannskapet med sitt framlegg til budsjett.

Eg har venta sidan det vart vedtatt å stenge sjukeheims plassar i desember 2024 på Hareid sjukeheim og tenkt at nokon no snart må ta til ordet for dei eldre på Hareid. Eg har håpt at nokon skal seie noko, og kjempe for å vareta trygge og gode tenester også for dei eldre og sjuke på lik linje med det eg no opplever foreldre kjempar for kvardagen for sine born. Men no kan eg ikkje vente lenger.

Det vart politisk vedteke i desember 2024 at velferd skulle gjennomgå ei omstilling og sjukeheimen skulle stenge sjukeheims plassar for å spare pengar. Med innføring av revidert kvalitetsstandar hausten 2024 har det blitt vanskelegare å mota helse- og omsorgstenester ved sjukeheimen, og kombinert med færre sjukeheims plassar har kampen om romma spissa seg til. Det er ikkje beint fram og få plass på Hareid sjukeheim når ein vert sjuk og treng auka omsorgstenester i dag, men vi klarer framleis å levere gode tenester til dei som treng det mest - men til dette arbeidet treng vi dei romma vi har igjen!

I budsjettframlegget til formannskapet vert det opna for stenging av fleire rom i 2026. Veit det eigentleg kva vi har jobba med på sjukeheimen siste året? Dei siste åra har vi redusert talet på langtids plassar på sjukeheimen med 17%, dei fire siste i løpet av våren og hausten 2025. Samtidig har vi slått saman bu-avdelinga og korttidsavdelinga til ei eining med ein einingsleiar. Etter mitt syn kan dette samanliknast med å legge ned ein skule.

Dette er ikkje enkle prosessar og kostar mykje av mange. Vi er menneske som jobbar med alvorleg sjuke menneske 24 timar i døgnet, og ein dag er aldri lik ein annan. Vi treng dei plassane vi no har for å kunne hjelpe dei sjukaste innbyggjarane våre. Opnar vi for å stengje fleire sjukeheims plassar er eg svært redd for forsvalegheita rundt tenestene vi tilbyr dei kanskje svakaste vi har av innbyggjarane våre. Eg trur ikkje vi då vil kunne hjelpe dei som treng det mest. Vi vil hender ikkje kunne ta imot pasientar frå sjukehus, og i staden måtte betale dagbot for liggjedøgn, ein sum på om lag kr 6000 pr. døgn. Hittil i år har vi klart og unngå bøter, men dette er grunna god fagleg kompetanse og ein stor innsats i vurderingane av kven som får tilbod om korttids plass på sjukeheimen. Eit svært resurskrevjande arbeid etter innføring av revidert kvalitetsstandar.

I budsjettframlegget til formannskapet vert det og føreslått at vi skal jobbe med å modernisere og få betre kontroll på turnus og vaktlistar med eit mål om å spare minst ein halv million kroner i overtids- og vikarbruk. Nok ein gong: veit de kva vi jobbar med på Hareid sjukeheim?

I omstillingsprosessen og samanståinga av to einingar jobbar vi no med ein ny grunnplan, altså ein ny turnus. Denne har som utgangspunkt i å utnytte ressursane vi allereie har på tvers av dei to «gamle» einingane i ei ny eining, tilpassa omstillinga med reduksjon av sjukeheims plassar.

Dette arbeidet gjer vi einingsleiarane ilag med dei tilsette og tillitsvalde med utgangspunkt i Arbeidsmiljølova. Skjerma eining og heimeteneste jobbar og parallelt med nye grunnplanar for optimal utnytting av resursar. Vi har og planar om oppstart av årsplan og utgreiing rundt ordningar med langvakter for å på sikt utnytte resursane enda meir. Er det dette formannskapet meina med moderne ordningar? Slike prosessar er tidkrevjande og iverksetje og går på akkord med arbeidsmiljølova så det krev tid å utgreiing.

Tid er noko vi har hatt knapt med i ei så stor omstilling i 2025 fordelt på to einingsleiarar utan prosjektmidlar, då dette var noko politikarane sa nei til i 2024. Dette har gjort at mengd av arbeid på einingsleiarane har våre uforsvarleg dette året noko også ROS analyse gjort av Avonova hausten 2025 på einingsleiarane i velferd understrekar med å sette fokus på høgt leiarspenn, mangelfull opplæring og mange og uavklarte arbeidsoppgåver.

Eg vil og påpeike at vi har 24-timers drift på sjukeheimen og at det er menneske som jobbar her; menneske som også kan bli sjuke, og menneske som og har sjuke barn. Altså, om nokon er sjuke treng vi ein vikar. Vi har heldigvis mange gode vikararar, både unge og pensjonistar som trår til på kort varsel. Men av og til får vi ikkje tak i andre en dei som utløyser overtid - dette gjeld spesielt kompetansevakter. Vi kan ikkje erstatte ein sjukepleiar på natt eller helg med ein ufaglært vikar, og må da betale overtid dersom dette vert utløyst. Å jobbe med turnus og vaktinnleige er tidkrevjande, om ein skal ha full kontroll på overtidsbruk må ein vere til stades 24/7, noko som ikkje er reelt når arbeidstida mi er frå 08-16 måndag til fredag. Eg må kunne stole på at fagfolka teke gode og fornuftige vurderingar både i forhold til kompetanse men også økonomi.

Etter framlegget til formannskapet og etter å ha høyrte framlegget på streaming sitt eg at med mange spørsmål, då eg ikkje kjenner meg igjen eller ser ein realitet i dei føreslåtte innsparingane. Vert dette vedteke, trur eg det vil øydeleggje tenestene vi leverer på Hareid sjukeheim, samt hindre oss i å levere tenester i framtida. Eg undrar meg kanskje mest av alt i denne prosessen kvifor de ikkje har tatt dykk tid til ein samtale med meg eller min kollega før eit framlegg, for etter mitt syn er forslaga de kjem med arbeid vi alt gjer på Hareid sjukeheim.

Eg håpar for innbyggjarane i Hareid at vi på sjukeheimen får lov å fullføre den omstillinga som vi no allereie er godt i gang med. For det arbeidet vi no legg ned er både framtidsretta og vil gje økonomisk gevinst på sikt.

Med vennleg helsing Karoline Røvreit Flø, einingsleiar på den nye Bu- og korttidsavdelinga på Hareid sjukeheim.